



Bestandsplan for hjortevilt i Øygarden kommune

Korleis skal ein forvalte hjortestammen i Øygarden?



Foto: Eirik Glesnes 2021 (viltkamera)

Formålet med 'bestandsplan for hjortevilt i Øygarden kommune er å få etablert ein felles plan for forvaltninga av hjortestammen i heile kommunen.

Innhold

<i>Korleis skal ein forvalte hjortestammen i Øygarden?</i>	1
1 INNLEIING	3
4 Rammeverk for hjorteviltforvaltninga	4
5 Vald struktur og organisering	8
5.2.1 Storvald	9
5.2.2 Forvaltningsråd for bestandsplanområdet	9
5.3.1 Etablering av ein felles bestandsplan for Øygarden kommune	10
5.3.2 Konsekvensane for dei ulike valda og storvalda	12
5.3.3 Forvaltingsrådet sine arbeidsoppgåver	12
6 HJORT - Status for hjortestammen i Øygarden kommune	14
6.1.1 Fellingsstatistikk	14
6.6.1 Årsaker til vektreduksjon	20
7 Erfaringar med bestandsplanane for dei ulike storvalda i kommunen	21
8 Mål og tiltak for forvaltninga av hjort	22
9 FALLVILT	25
10 BEITESKADER	26
11 UTTAK AV DYR MED LAVE SLAKTEVEKTER/SKRAPDYR	27
12 FORVALTNING PÅ VALDNIVÅ	28
14 ÅRSKALENDER	29



1 INNLEIING

Formålet med 'Bestandsplan for hjortevilt i Øygarden kommune' er å få etablert ein felles plan for forvaltninga av hjortestammen i heile kommunen.

Øygarden kommune sine målsetjingar for utviklinga av hjortebestanden vart utarbeida og godkjend i desember 2020. Utdrag frå innleiinga:

«Dette dokumentet skal skildre kommunen sitt mål for hjorteviltforvaltninga og vere styrande for den kommunale forvaltninga, samt vere eit rammeverk for rettshavarane si planlegging. For at rettshavarane sine bestandsplanar skal verte godkjent må dei følgje dei ramane og føringane som er gjeve i kommunen si bestandsplan. Bestandsplanen for hjortevilt i Øygarden kommune har òg som føremål å vere fagleg forankra og danne bakgrunn for minstearealet for hjortevilt som skal fastsetjast i forskrift og gjerast gjeldande for kommunen. Minstearealet som vert fastsett skal vere eithjelpemiddel for kommunen til å oppnå måla som er satt i bestandsplanen.»

Bestandsplanen har og som mål å bidra til å gjere forvaltninga mest mogleg kunnskapsbasert og tydeliggjøre rollene og ansvarstilhøve mellom offentleg og privat forvaltning.

Planen skal fungere som eit styringsverktøy ved forvaltning av hjort i Øygarden kommune, og sørge for at kommunen sine målsetningar ved hjorteforvaltninga blir oppnådd.

Planen vil bli eit viktig verktøy for å setje rammene for tildelinga av fellingsløyve for alle valda.

Sund Hjortevald vart førespurd om å utarbeida ein felles Bestandsplan for hjortevilt i kommunen i byrjinga av april. Vi valde å påta oss dette oppdraget og har brukt dei erfaringane som er opparbeida gjennom dei 14 åra vi har forvalta hjortestammen i gamle Sund kommune.

I arbeidet med denne planen har vi henta idear til stoffet i dei ulike kapitlar frå bestandsplanar som har vorte utarbeida i andre kommunar på Vestlandet. Dialogmøte med dei andre valda i kommunen samt ein tett dialog med kommunen har også vore svært viktig i arbeidet med å jobbe ut denne planen.

Spilda 24.04.22

Kåre Torsvik

Sund hjortevald

4. RAMMEVERK for hjorteviltforvaltninga.....

- 4.1 Viltlova
- 4.2 Naturmangfaldlova
- 4.3 Lov om skogbruk
- 4.4 Nasjonal strategi for forvaltning av hjortevilt
- 4.5 Forskrift om forvaltning av hjortevilt
- 4.6 Minsteareal (kommunal forskrift)

4 Rammeverk for hjorteviltforvaltninga

4.1 Viltlova

Viltlova (LOV-1981-05-29 nr. 38: Lov om jakt og fangst av vilt) og **Naturmangfaldlova** (LOV-2009-06-19 nr.100: Lov om forvaltning av naturens mangfold) gjev rammene for jakt og fangst av vilt og for forvaltning av vilt.

Viltlova gjev regelverket for det meste i høve utøving av jakt, fangst og forvaltning av vilt. Ein del avdette er heimla direkte i lova, men og gjennom ei rekke forskrifter til lova m.o.a.: - *Forskrift om forvaltning av hjortevilt* som særskilt omhandlar forvaltninga av hjorteviltet.

Føremålsparagrafen i Viltlova seier:

§ 1. (lovens formål)

Viltet og viltets leveområder skal forvaltes i samsvar med naturmangfoldloven og slik at naturenprodusativitet og artsrikdom bevares.

Innenfor denne ramme kan viltproduksjonen høstes til gode for landbruksnæring og friluftsliv.

4.2 Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova som er ei overordna lov i høve all arts og arealforvaltning gjev ikkje konkretereglar for jakt, fangst og forvaltning av vilt anna enn i høve det som ein vanlegvis kallar

«skadefellingsløyve». Dette vil sei uttak av vilt utanom reglar for vanleg jakt og fangst for å avverje skade på ulike interesser. Dette er heimla i: **§ 17. alminnelige regler om annet uttak av vilt og lakse- og innlandsfisk og i § 18. annet uttak av vilt og lakse- og innlandsfisk etter vurdering av myndighetene.** Prinsippa i Naturmangfaldlova skal likevel leggjast til grunn ved all forvaltning både av areal og einskildartar. Lova stiller og krav til kunnskapsgrunnlaget for offentlege vedtak noko somdå gjeld for fastsetjing av det kommunale målet så vel som for både tildeling av fellingsløyver og godkjenning av bestandsplanar.

§ 1. Lovens formål

«Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved bærekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur.»

§ 8. Kunnskapsgrunnlaget

«Offentlige beslutninger som berører naturmangfoldet skal så langt det er rimelig bygge på vitenskapelig kunnskap om arters bestandssituasjon, naturtypers utbredelse og økologiske tilstand, samt effekten av påvirkninger. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.»

4.3 Lov om skogbruk (Skoglova)

Også skoglova har reglar som kan legge føringar for forvaltninga av hjortevilt dersom hjorteviltbestandane medfører store skadar på skog jf. Lova sin § 9

§ 9. Førebyggjande tiltak

Når det er fare for at større skogområde kan bli skadd av insekt- eller soppangrep skal kommunen setje i verk dei førebyggjande tiltak som er nødvendige. Dette kan mellom anna vere pålegg til skogeigarar. Dette gjeld også for skog og tre i område som er utanfor virkefeltet i § 2. Departementet kan fastsetje nærmere forskrifter om slike tiltak, og korleis utgiftene skal dekkjast. Kommunen sine kostnader i denne samanhengen er tvangsgrunnlag for utlegg.

Der beiting av hjortevilt fører til vesentlege skadar på skog som er under forynging, eller der beitinga er ei vesentleg hindring for å overhalde plikta til å forynge skog etter § 6 i denne lova, skal kommunens viltorgan vurdere om det er behov for å regulere bestanden av hjortevilt slik at beitetrykket blir redusert.

4.4 Nasjonal strategi for forvaltning av hjortevilt

Direktoratet for Naturforvaltning fastsette i 2009 strategi for forvaltning av hjortevilt (DN rapport 8 –2009). Strategien freistar å synleggjere utfordringane ein vil møte i høve forvaltninga av hjorteviltartane i åra framover. Denne utgjer den overordna målsetjinga for korleis ein ynskjer forvaltninga framover som er uttrykt gjennom 5 konkrete mål :

- Forvaltninga skal sikre livskraftige og sunne hjorteviltbestandar, rikt biologisk mangfold og framtidig produksjon.
- Forvaltninga skal ha brei samfunnsmessig legitimitet.
- Forvaltninga skal sikre samarbeid og samhandling mellom lokale, regionale og nasjonale aktørar.
- Forvaltninga skal vere basert på høg kompetanse på alle nivå.
- Forvaltninga skal stimulere til auka kvalitet og mangfold av opplevelingar, tenester og produkt.

4.5 Forskrift om forvaltning av hjortevilt

Forskrift om forvaltning av hjortevilt (FOR-2016-01-08-12) gjev reglar for forvaltninga av hjortevilt. Det er her i §3 sagt at kommunane skal fastsetje mål for utviklinga av bestandane av elg, hjort og rådyr. Føremålsparagrafen (§1) gjev og føringar for bestandsmåla.

§ 1 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt seier : «Formålet med denne forskriften er at forvaltningen av hjortevilt ivaretar bestandenes og leveområdenes produktivitet og mangfold. Det skal legges til rette for en lokal og viss forvaltning med sikte på nærings- og rekreasjonsmessig bruk av hjorteviltressursene. Forvaltningen skal videre sikre bestandsstørrelser som fører til at hjortevilt viss forårsaker uakseptable skader og ulemper på andre samfunnsinteresser.»

§ 3. Mål for forvaltning av elg, hjort og rådyr

«Kommunen skal vedta mål for utviklingen av bestandene av elg, hjort, og rådyr der det er åpnet forjakt på arten. Målene skal blant annet ta hensyn til opplysninger om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skader på naturmangfold, jord- og skogbruk og omfanget av viltulykker på veg og bane.»

Dagens hjorteviltbestandar utgjer viktige og store ressursar både som grunnlag for rekreasjon gjennom jakt, andre naturopplevingar og som kjøtprodusentar. Desse ressursane gjev mange stader og viss grunnlag for nærings retta utnytting. Mange jegerar og grunneigarar ynskjer difor å ha tette hjorteviltbestandar.

Samstundes påverkar hjorteviltet andre næringsinteresser som jord, skog og hagebruk der beiteskadar av hjortevilt kan medføre økonomisk tap av betydeleg omfang. Skade i private hagar og på gravplassar, parkar viss. kan og einskilde stader vere eit problem. I høve samferdsle er kollisjonar mellom køyretøy, jernbane og hjortevilt mange stader er eit stort problem. Dette kan i mange tilfelle medføre alvorlege personskadar i dei verste tilfella med tap av menneskeliv. Slike kollisjonar har og oftast store økonomiske konsekvensar gjennom skade på køyretøy, kostnader for helsevesenet og kostnader med ettersøk og avliving av skadde dyr.

Store konsentrasjonar av hjortevilt påverkar og vegetasjonen i vesentleg grad noko som igjen kan få betydning for naturmangfaldet. Dette gjeld både i høve til vegetasjonen og endra livsmiljø og levekårfor andre viltartar og organismar. Forsking syner at effektar av hjorteviltbeiting kan vera både positive og negative avhengig av kva forvaltningsmål ein har for det biologisk mangfaldet.

Kommunen har såleis ansvar for å ta omsyn til ei rekke interesser når dei gjennom det kommunale målet skal legge føringar for hjorteforvaltninga. Dei kommunale måla bør vere mest mogleg konkrete og kunne etterprøvast.

§ 4. Interkommunalt samarbeid

«Kommunene bør samarbeide om felles mål for hjorteviltbestandene når det er hensiktsmessig å samordne bestandsplanleggingen over kommunegrenser. Fylkeskommunen kan pålegge kommuner å inngå i et slikt samarbeid viss det anses som nødvendig for å ivareta bestands- eller samfunnsmessige hensyn på et regionalt nivå.»

Ei rekke merkeprosjekt av hjort syner at ein stor del av dyra gjennom året brukar store areal og at verken kommune eller fylkesgrenser er barrierar i den samanheng. Det er lokale variasjonar, men størstedelen av dyra har ulike leveområde sumar og vinter og avstandane mellom desse kan vere tildels store. Hausttrekket går føre seg under jakta og ein stor del av dyra er innom fleire kommunar berre i løpet av jakta. Om ein skal få til ei målretta forvaltning er det då naudsynt med samordna forvaltning på tvers av kommunegrenser.

Dagens vald struktur er dei fleste stader heller ikkje tenlege forvaltningseiningar. Å få etablert bestandsplanar for område meir i samsvar med dei lokale hjorteviltbestandane sine årsleveområde er difor og viktig for å kunne drive ei målretta forvaltning.

4.6 Løyve til jakt og minsteareal

Med heimel i hjorteviltforskrifta § 5 er kommunen gjeve mynde til å opne for jakt på hjortevilt. I § 6 vert fastsetjing av minsteareal for fellingskvotar regulert. Kommunen fastset minstearealet for elg, hjort og rådyr i ein lokal forskrift. Det kan fastsetjast ulikt minsteareal for ulike deler av ein kommune. Framlegg om endring av minsteareal må fremjast innan 15.januar og ei eventuell endringmå vere fastsett av kommunen innan 15.mars. I tillegg kan kommunen i samband med hjorteviltforskrifta § 7 godkjenne fråvik inntil 50 % opp eller ned på minstearealet som eit enkeltvedtak for særskilde vald og i avgrensa tidsrom under tildelinga av fellingsløyve. Vedtaket skalverre grunngjeve med bestanden sine ulike levekår, storleik og utvikling i kommunen.

Før fastsetjing av minsteareal må kommunen vurdere følgjande:

- Kommunen sine målsettingar for utvikling av bestanden
- Bestanden sin storleik, tettleik og samansetjing basert på jaktstatistikk, sett hjort og andre tilgjengelege opplysningar om bestandsutviklinga i kommunen
- Beitetilhøve og livsvilkår
- Konfliktar i høve hage, jord- og skogbruk
- Viltpåkøyrslar
- Andre konfliktar

Fastsetjing av minstearealet har vore det viktigaste verkemiddelet i reguleringa av bestandsstorleiken. Minstearealet bør samordnast med dei andre verkemidla for å nå målet i hjorteviltforvaltninga.

4.7 Forskrift om forvaltning av hjort, fastsetting av minsteareal Øygarden kommune, Vestland fylke

Heimel: Fastsett av Øygarden kommunestyre 18.02.2021 med heimel i forskrift 8.januar 2016 nr.12 om forvaltning av hjortevilt §§ 5 og 6.

§ 1. Opning av jakt

Det kan drivast jakt på hjort i Øygarden kommune.

§ 2. Minsteareal

Følgjande grunnlag for fellingsløyve er gjeve i kommunen

Område	Minsteareal i dekar
Øygarden, med unntak av områda under	800 daa
Fjell midtre, Fjell Søre, Søre Sæle, Breivik/Oen og Skjold/Hatten	400 daa

I forarbeidet til saka om minsteareal vart det lagt til grunn frå viltansvarleg i kommunen eit forslag om 1000 daa. Jmf. saksframlegget til kommunestyret. Ved den politiske behandlinga vart minstearealet justert ned til 800/400 daa. I det vidare arbeidet med forvaltninga av hjortebestanden er det viktig å fylje med for å vidare vurdera om dette minstearealet er forsvarleg ut frå

bestandsutviklinga.

§ 3. Ikraftreding: Denne forskrifta tek til å gjelda straks.

5 VALDSTRUKTUR OG ORGANISERING.....

- 5.1 Dagens vald struktur
- 5.2 Storvald, jaktfelt og grunneigarar
- 5.3 En framtidig organisasjonsstruktur for kommunen

5 Vald struktur og organisering

5.1 Dagens situasjon

Det er per i dag ulikskap i både vald struktur, storleik på teljande areal og fastsett minsteareal for dei ulike områda i kommunen. I tidlegare Sund kommune er det eitt storvald, tidlegare Fjell kommune har 4 hjortevald og tidlegare Øygarden kommune har 13 mindre hjortevald. Oversikten under viser valda, fastsett minsteareal og det teljande arealet kvar av dei har. Storvalda i tidlegare Sund og Fjell har oppretta bestandsplanar. Dei 13 valda i tidlegare Øygarden kommune har ikkje noko form for bestandsplanar. Kommunen har difor tildelt fellingsløyver etter skjønn kvart år.

Opprettning av felles bestandsplanområder har ingen innverknad på jaktrettane til grunneigar. Retten til å jakte på eigen grunn vert ikkje påverka av organiseringa for å kunna søkje om fellingsrettar, der ein krev større areal enn ein grunneigar disponerer, og at fleire grunneigarar må gå saman.

Hjortevald	totalareal	Minsteareal	Bestandsplan	Tidsrom
Sund Hjortevald	74 475 daa	800 daa	Ja – 5 år	2021-2025
Ørnafjedlet og Nordre Fjell storvald	12 430 + 15675 daa	800 daa	Ja – 3 år	2021-2023
Liatårnet storvald	24 610 daa	800 daa	Ja – 3 år	2020-2022
Storbukkane Hjortevald	36 960 daa	800 daa (400 daa)	Ja – 3 år	2020-2022
Sæle/Hjelme vald	5 088 daa	800 daa	Nei	
Blom, Blom/Dale nord	5 230 daa	800 daa	Nei	
Nautnes vald	1 916 daa	800 daa	Nei	
Tjeldstø Vest vald	2 000 daa	800 daa	Nei	
Breivik/Oen vald	4 245 daa	400 daa	Nei	
Søre Sæle vald	2 627 daa	400 daa	Nei	
Toftøy sør vald	1 323 daa	800 daa	Nei	
Alvheim vald	2 680 daa	800 daa	Nei	
Skogsøy/Herdlevær	2 689 daa	800 daa	Nei	

vald				
Ono Rong vald	1 786 daa	800 daa	Nei	
Skjold/Hatten vald	1 674 daa	400 daa	Nei	
Toftøy aust vald	3 178 daa	800 daa	Nei	
Sture vald	2 141 daa	800 daa	Nei	

5.2 Forvaltningsråd, storvald, jaktfelt og grunneigarar

5.2.1 Storvald

Grunnlaget for etablering av storvald finn ein i § 12 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt.

«Bestandsplanområdet må disponere et teljande areal på minimum 20 gongar minstearealet.»

Dei storvalda som er etablert i kommunen fyller dette kravet. Dei 13 valda i Nordre Øygarden - som ikkje har etablert seg som storvald pr. i dag, utgjer totalt 34 421 daa. For desse valda vil det vere ei løysing at desse går saman og dannar eit storvald, eller finn ei tenleg organisasjonsform for å kunne velje to eller tre represententer frå bestandsplanområdet til forvaltningsrådet. Dessutan for å levere ei samla arealoversikt som grunnlag for tildeling av fellingsløyer. Utover dette å kunne ha lokale representantar som kan fremje saker frå Nordre Øygarden i forvaltningsrådet.

5.2.2 Forvaltningsråd for bestandsplanområdet

- 1) Forvaltningsrådet i kommunen, som skal bestå av ein eller to representantar frå kvart storvald, utarbeidar ein søknad til kommunen om å få godkjent eit bestandsplanområde for jakt på hjort i heile kommunen. Søknaden skal innehalde: (§ 13 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt)
 - «a) opplysning om hvilken art søknaden gjelder for,
 - b) kart som tydeleg viser grensene for bestandsplanområdet,
 - c) oversikt over alle valda som inngår i bestandsplanområdet,
 - d) oversikt over tellende areal for bestandsplanområdet samlet,
 - e) underskrift fra valdansvarleg representant for alle vald som inngår i bestandsplanområdet, og
 - f) navn, postadresse, telefonnummer, e-postadresse og underskrift for representanten for bestandsplanområdet.»

Kommunen tildeler fellingsløyer i samsvar med godkjent bestandsplan som frie løyer.

Forvaltningsrådet skal administrere jakta og følge opp dei målsetjingane som er fastlagt i bestandsplanen når det gjeld fordeling av type dyr, alderssamansetting, og kjønn. For at ein skal kunne oppfylle målsetjingane i bestandsplanen må minst 80% av tildelte fellingsløyer resultera i felte dyr. Det er ulike metodar for å nå dei målsetjingane som er nedfelt i bestandsplanen. I Sund hjortevald har ein tildelt to typar løyer, rammeløyer og tilleggsløyer.

Rammeløyvene vert tildelt etter arealet på jaktfeltet delt på minstearealet. Dette saman med fellingsstatistikken for jaktfeltet. Når rammeløyvene er felt kan jaktfeltet søkje om tilleggsløyer. Når ein tildeler tilleggsløyer kan ein bruke 50%-regelen og tildele løyer så lenge jaktfeltet har 400/200 daa pr. tildelte løye. Ved tildeling av tilleggsløya tek ein omsyn til kva som er felt til då, og tildeler løyer for den type dyr det er felt minst av for tildelte rammeløyver.

- 1) Når ein etablerer eit forvaltningsråd vert det sett saman av representantar frå storvalda i kommunen. Storvalda består av enkelt vald, nå kaldt jaktfelt. Dette er områder som vert tildelt jaktløyer basert på

storleiken av jaktarealet som er meldt inn og godkjent for jakt. Jaktfeltet skal ha oppnemnt ein jaktfeltleiar som skal organisera jakta og vera kontaktpersonen inn mot storvaldet.

- 2) Grunneigarar er dei som har jakttrettar knyta til eigedommen dei eig. I eit jaktfelt er det vanleg at fleire grunneigarar går saman for å ha nok areal til å kunne søkje om fellingsløyver for storvilt. Dette ettersom kommunen fastsett at eit fellingsløyve kunn kan tildelast dersom eit jaktfelt disponerer minimum minstearealet. Jakttrettane kan grunneigarane selje eller bruke sjølve. I vårt område er det mest vanlege at grunneigarane eller ein eller fleire i familien jaktar. Forvaltningsrådet og storvaldet vil aldri rokke ved grunneigar sin rett til å disponera over eigen eigedom og grunneigar sin jaktrett.

5.3 Ein framtidig organisasjonsstruktur for kommunen

Kommunen har ansvar for å tildele fellingsløyver for jakt i eit vald/jaktfelt eller storvald. Dette skjer etter søknad frå eit vald eller storvald. Eit vald eller storvald handlar på vegne av grunneigar som har retten til å drive jakt på eit areal. I vurderinga av om ein kan godkjenne søknaden til jakt må kommunen ta omsyn til sentrale og/eller regionale vedtekter knyta til forutsetningane for å kunne tildele jakttrettar. I 2009 vart det vedteke at forvaltinga av ein hjortebestand må skje i innanfor rammene av eit bestandsplanområde som minimum omfattar eit jaktareal på 20 gonger minstearealet for jakt i kommunen.

For at ein skal kunne forvalte hjortestammen i Øygarden kommune i samsvar med gjeldande forskrift bør ein få etablert eit forvaltningsråd som er styrt av storvalda. Kvart storvald peikar ut ein eller to representantar som skal utgjere styret i forvaltningsrådet. Rådet peikar ut eit driftsledd på 3 personar som skal stå for dagleg drift. Ettersom dei 13 valda i Nordre Øygarden ikkje er organisert som eit storvald må ein finne 2 eller 3 personar som kan representera desse valda i forvaltningsrådet. Det midlertidige styret må utarbeida forslag til vedtekter for forvaltningsrådet og planlegge for eit stiftingsmøte der organisasjonen formelt vert oppretta.

Forvaltningsrådet skal følgje opp implementeringa av bestandsplanen og forvalte hjortestammen i kommunen. Rådet vil vidare ha som oppgåve å iverksette dei sentrale målsetjingar og vedtak kommunen fattar knyta til forvaltinga av hjortestammen. Forvaltningsrådet skal gje retningslinjer til storvalda om korleis jakta skal gjennomførast for å nå dei sentrale målsetjingane kommunen har lagt til grunn for hjorteforvaltinga. Som eit døme på eit slikt vedtak var då kommunen sende ut melding om å fella fleire kalvar og ungdyr framfør jakta i 2020 og 2021.

5.3.1 Etablering av ein felles bestandsplan for Øygarden kommune

For å kunna forvalta den samla hjortestamma i kommunen vert det forslått å utarbeida ein felles bestandsplan for heile Øygarden kommune. Denne bestandsplanen skal forvalta alle løyvene som vert tildelte i Øygarden kommune. Basert på det samla arealet som det tidlegare er søkt om jaktløyver for, vil ein med dagens minsteareal på 800/400 daa kunna søkje om 272 løyver. I tillegg til desse løyva bør det søkjast om 14 ekstra løyver øremerka for å redusera bestanden der det er stort beitetrykk og bonden driv aktivt landbruk. I tillegg kan forvaltningsrådet omfordеле eventuelle ubrukte løyver internt i bestandsplanområdet. For å ta ut svake dyr med låg slaktevekt vil ein søkje om ein pott på 20 løyver. Totalt 306 løyver.

Bestandsplanen bør byggast opp rundt ein del sentrale og utprøvde prinsipp i forvaltinga av hjorten i vårt område:

- Den første bestandsplanen bør vera ein 3-årig plan. Ein bør leggje opp til ein revisjon etter jakta i 2022 når ein har fått erfaring med planen.
- Det vert tildelt to typer løyver – rammeløyver og tilleggløyver
- Tildeling vert basert på å tildela 80% rammeløyve før jakta startar, og 20% tilleggløyver etter søknad når ein

har skote dei tildelte rammeløvye

- Ved tildeling av tilleggsloyver skal ein kunne bruke 50%-regelen for minsteareal.
- Bestandsplanen skal bruka fordelingsnøkkelen: 20% kalv, 40% ungdyr, 20% koller og 20% bukk.
- Ein vidarefører vedtaket frå juni 2021 om å kunna skyta yngre dyr på alle tildelte løyver.
- For å kunne auka gjennomsnittsalder i hjortebestanden vert innført eit eige storbukkeløyve. Totalt vert det foreslått å sette eit tak på 10 storbukkeløyver kvart år i kommunen. Desse løyvene vert fordelt til dei ulike jaktfelta etter tur kvar år.
- Bestandsplanen skal bruka prinsippet om å kunne overføra 10% av løyva fra eit år til eit anna. Dette inneber at talet på tildelte løyver maksimalt kan nå 308 løyver i eit einskilt år.
- Bestandsplanen tek sikte på å søkje om erstatningsloyver for uttak av svake dyr.
- Bestandsplanen tek også sikte på å søkje om løyver til å dekkje opp skade på innmark til bønder som driv aktivt landbruk
- Dei ulike valda/storvalda tilsluttar seg den sentrale bestandsplanen gjennom eit prinsippvedtak.

5.3.2 Konsekvensane for dei ulike valda og storvalda

Dei 13 valda i Nordre Øygarden kommune vert oppfordra til å finn fram til ei tenleg samarbeidsform og få utarbeida ein arealoversikt for desse valda som dei kan bruke til å melde seg inn i forvaltningsrådet med. Med det som grunnlag vil desse 13 valda då bli tildelt fellingsloyver i samsvar med bestandsplanen i kommunen. Dei bør også finna fram til 1 eller 2 representantar som skal møta i forvaltningsrådet.

Sund Hjortevald:

Hjortevaldet må innan juni månad gjere vedtak om å slutte seg til den sentrale bestandsplanen. Dei må kanskje justera noko på fordelingsnøkkelen og redusera uttaket av kalv til 20% og kolle og bukk til 20%. Forvaltningsrådet tildeler fellingsloyver i samsvar med forvaltningsplanen. Når eit samla regelverk ligg føre må storvaldet synkronisera sine reglar slik at det er samsvar mellom sentralt og lokalt regelverk. Hjortevaldet skal utpeike ein representant til forvaltningsrådet.

Storbukkane hjortevald:

Hjortevaldet må innan juni månad gjere vedtak om å slutte seg til den sentrale bestandsplanen utarbeida av forvaltningsrådet. Forvaltningsrådet tildeler fellingsloyver i samsvar med den nye forvaltningsplanen. Når eit samla regelverk ligg føre må storvaldet synkronisera regelverk sitt slik at det er samsvar mellom sentralt og lokalt regelverk. Hjortevaldet skal utpeike ein representant til forvaltningsrådet.

Liatånet storvald:

Storvaldet må innan juni månad gjere vedtak om å slutte seg til den sentrale bestandsplanen. Forvaltningsrådet tildeler fellingsloyver i samsvar med den nye forvaltningsplanen. Dette vil for storvaldet kunne gje fleire løyver ettersom noverande tildeling er gjort med eit minsteareal på 1000 daa. Når eit samla regelverk ligg føre må storvaldet synkronisere regelverket slik at det er samsvar mellom lokale og sentrale reglar. Hjortevaldet skal utpeike ein representant til forvaltningsrådet.

Ørnafjedlet og Nordre Fjell storvald:

Hjortevaldet må innan juni månad gjere vedtak om å slutte seg til den sentrale bestandsplanen utarbeida av forvaltningsrådet. Forvaltningsrådet tildeler fellingsloyver i samsvar med den nye forvaltningsplanen. Når eit samla regelverk ligg føre må storvaldet synkronisera regelverk sitt slik at det er samsvar mellom sentralt og lokalt regelverk. Hjortevaldet skal utpeike ein representant til forvaltningsrådet.

5.3.3 Forvaltningsrådet sine arbeidsoppgåver.

Forvaltningsrådet skal halde seg oppdatert på status for hjortestammen og føresla til kommunen tiltak som bør gjennomførast for heile eller deler av stamma. Når jakta startar bør alle vald/storvald sende inn melding om status felte dyr minst kvar veke slik at forvaltningsrådet kan følgje med i utviklinga av jakta og kan anbefale tiltak

til valda/storvalda dersom dette er naudsynt.

Av andre arbeidsoppgåver som bør dekkjast av forvaltningsrådet er å utarbeida ulike statistikkar for alle vald eller deler av kommunen. Dette samt å få utarbeida naudsynte rapportar for å dokumentera ulike hjorteforvatningssaker både for valda og for kommunen. Vidare bør forvaltningsrådet ha ansvar for at hjorteviltregisteret vert halde oppdatert.

Av tiltak forvaltningsrådet bør vurdera i dei første åra er:

- a) vårteljing
- b) felte dyr skal vegast
- c) merkeprosjekt
- d) kjeveinnsamling for å aldersbestemma hjortestamme
- e) kartleggje omfanget av beiteskadar på innmark og fatte eventuelle tiltak i tråd med dette

Drifta av forvaltningsrådet vil ein kunne finna løysingar for i eit samspel mellom valda og kommunen. Til dømes kan rådet vurdera å krevja inn kr 100.- på kvart fellingsløyve ein tildeler. Vidare bør ein kunne fremja ein søknad til kommunen om å løyva tilsvarande beløp som vert lagt på valda, som driftsgrunnlag til samarbeidsorganet.

Forslag til gjennomføringsplan:

Mai 2022	Utsending av utkast til bestandsplan til alle interessentar Invitasjon til alle valda om eit dialogmøte Kommunal handsaming og vedtak
Juni 2022	Etablering av forvaltningsrådet med eit interim styre Utarbeida ein sentral avskytningsplan for Øygarden kommune med fordeling avfellingsløyver Godkjenning av bestandsplanen for Øygarden kommune
August 2022	Oppstartsmøte for alle storvalda og representantar frå Nordre Øygarden. Gjennomføring av jaktfeltleiar møter

6.HJORT - Status for hjortestammen i Øygarden kommune

- 6.1 Bestandsutvikling og status
- 6.2.1 Fellingsstatistikk
- 6.2.2 Sett hjort
- 6.2.3 Vårteljing
- 6.2.4 Bestandsstorleik og kondisjon
- 6.2.5 Endringar i hjortestamma
- 6.2.6 Kjønn og aldersstruktur i hjortestamma
- 6.3 Erfaringar av bestandsplanane for dei ulike storvalda i kommunen
- 6.3.1 Status for bestandsplanar i dei ulike valda i kommunen
- 6.3.2 Bestandsplanar som styringsreiskap for hjorteforvaltninga
- 6.3.4 Mål og tiltak for forvaltninga av hjort
- 6.4 Hovudmål

- 6.4 Delmål
- 6.5 Bestandsretta og grunneigarstyrt forvaltning av hjortestamma
- 6.5.1 Forvaltninga skal vere kunnskapsbasert
- 6.5.2 Redusere omfanget av arealbrukskonflikter i høve til andre interesser
- 6.5.3 Stogge vektnedgang for kalvar
- 6.5.4 Auke reproduksjonsevna i bestanden

6 HJORT - Status for hjortestammen i Øygarden kommune


6.1 Bestandsutvikling og status

6.1.1 Fellingsstatistikk

Hjortebestanden i kommunen har som for resten av vestlandet auka monaleg sidan byrjinga av 1990 talet. Som det går fram av figuren til Sund hjorteavalda nedanfor så auka avskytinga jamt og trutt frå 12 felt dyr i 1986 til den førebelse toppen som var i 2021 med 83 felte dyr. For heile kommunen vart det tildelt 250 løyver i 2021. Av desse vart 208 dyr felt. Dette gjev ein fellingsprosent på 83,20% noko som er svært bra.


(Kilde: Hjorteviltregisteret)

Figur 1



Det har ikkje vorte sett opp noko samla statistikk for kommunen etter samanslåinga og difor er den einaste kjelda til statistikk det som er registrert i Hjorteviltportalen. Portalen har ikkje vorte fylt opp systematisk og har store manglar for perioden 2010-2020. Med utgangspunkt i portalen sine tal samt fellingsdokument som er sendt inn frå einskilde vald har vi satt opp ein samla statistikk for perioden 2010-2021. Her er det talgrunnlag som manglar for nokre vald, men vi har vald å sette den inn i dokumentet for å visa ei utviklingslinje for hjorteviltet i kommunen.

Statistikk over tildelte og felte dyr i Øygarden i perioden 2010-2021



Figur 2

I 2021 vart det tildelt totalt 253 løyver med eit samla jaktareal på 200 207 daa.

6.2 Bestandsutvikling og status

Å halde eit bestandsnivå nokolunde stabilt er ikkje enkelt og det krev gode styringsverktøy og presis rapportering. Likevel vil ein måtte leve med mindre variasjonar då endringane først vert fanga opp i ettertid.

Ein reknar at over 90 % av hjorten dør av ei kule. Jakta har såleis stor verknad på bestandsutvikling, men det vil likevel vere naturlege variasjonar grunna variasjonar i værtihøve frå år til år som igjen påverkar beitekvalitet, vektutvikling og vinteroverleving først og fremst for kalvar, men også vaksne dyr. Dette kan medføre lokale bestandsendringar som ein ikkje lett fangar opp.


Med gode styringsverktøy vil ein kunne sjå endringane tidlegare og kunne korrigere avskytinga raskare. Sett Hjort registreringar er det verktøyet ein i dag meiner er det beste ein har. Dette går ut på at jegerane under jakta registrerer tidsforbruk og det dei ser og feller av hjort. Utifra det vert det rekna ut ulike indeksar som skal sei noko om bestandsutviklinga både i høve bestandsstorleik, kjønnsfordeling, reproduksjon og jakttrykk. Kor godt det er avheng av mengda og kvaliteten på registreringane. Men dette er heller ikkje eigna til å fange opp brå og lokale endringar, men meir å sjåtrendar i bestandsutviklinga for større område over noko tid.

6.3 Sett hjort

Sett hjort er ei registrering av dyr ein ser når jegerane er ute på jakt. Registreringa skal leggjast inn i Hjorteviltregisteret etter kvar økt ute i terrenget.


Som ein ser i figuren under vart det registrert totalt 2147 dyr i 2021. Dette er ikkje unike dyr, for dei fleste dyra er registrert fleire gonger. Men, det gjev ein god indikasjon på status når ein ser variasjonane over tid og samanliknar år for år. Som figuren viser hadde vi ein topp i 2015 med 2094 talte dyr, før toppen i fjor med 2147 dyr. Auken starta i 2018 og har auka gjevnt fram til 2021. Korleis utvikling vert for 2022 veit vi lite om enno.

Sett hjort i Øygarden i perioden 2010-2021




Figur 3

Sett hjort - utviklingen og tilvekst i perioden 2010-2021



Figur 4

Ser ein nærmare på tala er det interessant å merka seg at det vart registrert ein topp av sette koller pr bukk i 2018. Ettersom talet på kalvar pr kolle held seg svært stabilt så kan ein tolke auken av bestanden frå 2018 til 2021 som eit resultat av at det var fleire koller i bestanden i 2018, noko som kan ha gjeve grunnlag for auken i bestanden i åra etter.




Figur 5

Når ein då ser på figuren over viser den at alle hjortevalda felte mindre koller i 2021 enn det fellingsplanen la til grunn. Om dette slår ut i at tilveksten i stammen vert mindre i år vert interessant å fylje framover.

6.4 Vårteljing


Vårteljing har ikkje vorte prioritert av valda i Øygarden kommune. Sund hjortevald er det einaste valdet som har systematisk kostat vårteljing frå 2011 fram til i år.



Figur 6

Denne figuren viser forholdet mellom vårteljinga og felte dyr kvart år frå 2012 fram til 2021.


Vårteljinga vert gjennomført i slutten av april kvart år. Teljinga fylgjer ei fastlagt rute kvart år og teljar same vekedag med ei veke mellomrom. Dei som utfører teljinga brukar lys og teljar alle dyra dei observerer og registrerer type dyr og talet. Det har vist seg at der er store variasjonar i resultata og dette har samanheng med kor langt våren har kome i slutten av april kvart år og værtilhøva den dagen teljinga vert gjennomført. Som ein ser vart det registrert 72 dyr i 2019 og dette hadde samanheng med at det var svært kaldt då teljinga vart gjennomført med sludd og snø dei kveldane dei var ute.



Figur 7

6.5 Bestandsstorleik og kondisjon


Overvakingsprogrammet for hjortevilt som har samla inn kjevar og ovarier (eggstokker) fra felte hjort i lag med data om slaktevekt, fellingstidspunkt m.v. har gjeve mykje kunnskap om bestandsstruktur, vektutvikling og reproduksjonsevne i hjortebestandane. På Vestlandet har det vore samla inn materiale frå felt hjort i 3 regionar Nordmøre/Sør Trøndelag, Sogn og Fjordane og Hordaland. I region Sogn og Fjordane har kommunane Flora, Gloppen og Stryn vore med og i Hordaland har Kvinnherad vore med. Avskytingsmønster og bestandsutviklinga har vore mykje godt lik for heile Vestlandet i perioden og data frå desse kommunane kan difor overførast/nyttast i andre kommunar. Det er Norsk institutt for naturforskning (NINA) som er ansvarleg for gjennomføring og oppfylging av Overvakingsprogrammet.



Figur 8 Figuren viser vektutviklinga for alle dyregrupper i perioden 2016-2020.



Figur 9 Figuren over viser gjennomsnittsvekt på felte kalvar i Sund hjortevald i perioden 2016-2021.




Figur 10 Figuren over viser vektutvikling av kalv felt i perioden 2016-2021 i Øygarden. (kjelde: Hjorteviltregisteret)

6.6 Endringar i hjortestamma

Reproduksjonsemna i bestandane har og gått ned i takt med vektredusjonen då andelen 1,5 åringar hodyr som kjem i brunst og får fram kalvar som 2 åringar er sterkt redusert. Dette er direkte vekt/kondisjonsavhengig då 1,5 åringar hodyr må vere over 40 kg før det er nokon stor sannsynleg for at dei går i brunst og tek kalv. Dess høgre vekt over 40 kg dess større sjanse for at dei kjem i brunst fyrste året. For region Sogn og Fjordane er andelen 1,5 åringar koller som tek kalv redusert frå ca. 69 % når Overvakningsprogrammet starta i 1992 til ca. 31 % i dag (2020) noko som utgjer ein reduksjon på 55 %. Dyra på kysten er oftast mindre enn lenger inn i fjordane og for

kystkommunen Flora i Sogn og Fjordane er det no under 20 % av 1,5 åringar av hodyr som går i brunst. Vektene her er noko høgare enn for Flora så det er truleg ein litt større del av fjorkollene her som går i brunst enn i Flora. Ein del hodyr med særslig låg vekt/dårleg kondisjon tek heller ikkje kalv som 2,5 åringar. Ungdyra utgjer ein stor del av bestanden og dette påverkar såleis den totale produksjonsemna i bestanden negativt då ein må ha fleire dyr for å produsere ei viss mengde kalvar samanlikna med ein bestand der ein større del av hodyra produserer kalv. Forutan at små kalvar er dårlegare rusta for å kunne klare vinteren som mange stader tidvis kan vere eit nålauge vil dei heller aldri kunne vekse seg store. Dei vil bli små dyr både som ungdyr og vidare utover i livet. Små dyr før vanlegvis små kalvar, men her kan alderen til ein viss grad kompensere noko då eldre koller før større kalvar enn yngre koller. Alderen på dei vaksne hodyra i bestanden er såleis med å påverkar kalvevektene.



Figur 11 Figuren over viser vektutviklinga for ungdyr felt i Øygarden i perioden 2015-2021 (Kjelde: Hjorteviltregisteret) Som ein ser er gjennomsnittsvekta for koller 1 ½ år 40,57 kg i 2021. Noko som kan påverke reproduksjonsevna til hjortestammen i åra framover.

6.6.1 Årsaker til vektreduksjon

Det er ei rekke tilhøve som kan påverke slaktevektene til kalvane som og er avgjerande for kor store dei vert som vaksne dyr. Både beitekvalitet, beitekonkurranse, kalvingstidspunkt og alderen på dei vaksne dyra i bestanden spelar inn her. Eit av tiltaka som har vorte sett i verk i Sund hjortevald er å auke andelen av store bukkar i bestanden noko som har vist seg å synkronisera brunsten hos kollene som igjen gjev tidlegare kalving noko som vil påverke vekta til kalvane.

6.7 Kjønn og aldersstruktur i hjortestamma

I høve kalvevektene så er det ikkje berre bestandstettleiken som spelar inn, men kalvingstidspunktet er også avgjerande for vektutviklinga til kalvane. Tidleg kalving vert rekna som ein stor fordel då kalvane får med seg meir av den produktive tida tidleg på sumaren med høgt proteininnhold i vegetasjonen.

Store og eldre koller i god kondisjon kjem tidleg i brunst og før oftast fram store kalvar som vert kalva tidleg. Dette har stor betydning for vektutviklinga til kalvane og dermed også kor store dei vert som vaksne. Koller som vert para (for) seint kan kompensere for dette ved å korte ned drektighetstida noko. Dette inneber då oftast mindre og svakare kalvar som likevel vert fødde seint og er såleis heller ikkje positivt i høve vektutviklinga.

Å ha tilstrekkelig med vaksne hanndyr i bestanden har også påverknad for kalvevektene. Brølinga til dei eldrene bukkane kan framskunde og synkronisere brunsten hjå kollene. Kolla må parast innan eit tidsrom på om lag eit døger dersom

det skal verte kalv. Om den ikkje vert para då kan den gå i brunst igjen om ca. 18 dagar. Dette inneber seinare paring som er avgjerande for kalvevektene. Godt vaksne hanndyr som har samla seg eit «harem» som dei fylgjer har og ofte erfaring og vil kunne pare kollene når dei er klare. Mangel på vaksne bukkar reknar ein difor mange stader kan vere årsak til manglande paring og dermed om brunst.

Vaksne hanndyr har lenge utgjort ein for stor del av det samla jaktuttaket. Dei seinare åra er hanndyrdelen i uttaket vorte redusert og for dei siste 6 åra utgjorde den 17,3 % på landsbasis. For Øygarden er andelen bukkar 20% i same perioden. Det er positivt at vi har klart å redusert andelen bukkar frå 24 % i 2018, men det vil vere ein fordel å redusere denne andelen ytterlegare.

Sett kolle pr. bukk tilseier at andelen hanndyr i bestanden har vore aukande dei siste 10 åra så utviklinga går rett veg men Sett spissbukk pr. bukk tilseier at gjennomsnittsalderen på hanndyra går nedover.

Auka gjennomsnittsalder for både hann og hodyra i bestanden vil vere med å legge grunnlaget for auka kalvevekter. Beste tiltaket for å gjøre dette er å ha ein stor del av jaktuttaket som kalv. Resultat frå *Overvakningsprogrammet* tilseier at med den avskytinga som har vore vanleg hittil, vert berre ca. 11 – 12 % av fødde kalvar felt det året dei er kalv. Det er såleis inga fare for å felle for mykje kalv.

7 Erfaringar med bestandsplanane for dei ulike storvalda i kommunen

7.1 Bestandsplan som styringsreiskap for hjorteforvaltninga

Eit viktig mål med å lage ein bestandsplan for hjortevilt i Øygarden kommune er at hjorteforvaltninga skal vere basert på bestandsplanar utarbeidd av rettshavarane eller representantar for desse i samarbeid med lokale mynde og involverte organisasjoner. Miljødirektoratet har, med bakgrunn i politiske føringer om å styrke ansvaret til kommunar og rettshavarar, definert følgjande retningsliner:

- 6.5.3 Kommunen er etablert som offentleg forvaltningsorgan i vilt- og fiskeforvaltninga
- 6.5.4 Rettshavarane har eit praktisk og finansielt ansvar for forvaltninga av vilt- og fiskeressursane
- 7.1.3 Rettshavarane skal organisere seg i fellesorgan for vilt- og fiskeområde og gå saman om felles forvaltning av ressursane gjennom driftsplanar

Hjorteviltforskrifta § 15 seier følgjande:

«Vald eller bestandsplanområder som disponerer et tellende areal på minimum 20 ganger minstearealet kan søke kommunen om godkjenning av en flerårig, maksimalt femårig, bestandsplan for elg og/eller hjort.

Bestandsplanen skal inneholde mål for bestandsutviklinga, i samsvar med kommunens mål.

Bestandsplanen skal også inneholde en plan for den årlege avskytingen i antall dyr, som et minimum fordelt på kategoriene kalv, vaksne hunndyr og vaksne hanndyr, samt spissbukk for hjort.

For bestandsplanområder skal planen beskrive hvordan ulike dyrekategorier i fellingskvota årlig fordeles på de enkelte valdene.

Frist for å søke kommunen om godkjenning eller endring av bestandsplan er 1.mai. Søknaden skal underskrives av bestandsplanområdets representant».

Bruk av bestandsplan skal vere hovudregelen ved forvaltning av elg og hjort.

7.2 Status for bestandsplanar i dei ulike valda i kommunen

For Øygarden kommune er situasjon at dei storvalda/hjortevalda som har vorte etablert og som utgjer områda som tidlegare var kommunane Fjell og Sund har alle godkjente bestandsplanar som dei jaktar på grunnlag av.

Sund hjortevald har ein 5-årig bestandsplan 2021-2025. Ørnafjedle og Nordre Fjell, Storbukkane og Liatårnet Hjortevald/storvald har alle planar som er 3-årig.

For valda i gamle Øygarden kommune er situasjonen at desse valda ikkje har funne saman i ein felles bestandsplan og kommunen har fordelt fellingskvotar til dei ulike valda direkte. Dette har medført mykje misnøye der kommunen har vorte involvert i forvaltninga av hjortestamma utan at det føreligg noko plan for det.

8 Mål og tiltak for forvaltninga av hjort

8.1 Hovudmål

8.2 Delmål

- 8.2.1 Mål for berekraftig utvikling med ei livskraftig og sunn hjortestamme
- 8.2.2 Forvaltninga skal vere kunnskapsbasert
- 8.2.3 Redusere omfanget av skadeomfang i høve til andre interesser
- 8.2.4 Biologisk forsvarleg kjønns- og aldersstruktur
- 8.2.5 Auke reproduksjonsevna i bestanden

8 Mål og tiltak for forvaltninga av hjort

8.1 Hovudmål

Dei overordna måla bør vere av generell art og reflektere hovudprioriteringar som er ønskja av hjorteforvaltninga i kommunen. Desse måla bør ikkje avvike i særskild grad frå dei nasjonale målsetjingane for hjorteviltforvaltninga som er fastsett i DN-rapport 8-2009. Kommunen skal forvalte hjorten innafor dei forvaltningsrammene som er delegert til kommunen.

Hjorten er ein viktig utmarksressurs i Øygarden kommune. Bestanden skal forvaltast på ein slik måte at grunnlaget for ein langsiktig og stabil hausting vert sikra utan at konfliktnivået i høve andre nærings- og samfunnsinteresser vert for stor. Dette for å tilgodesjå jaktinteresser, positive naturopplevelingar (rekreasjon) for allmenta og ønskje om matauk. Hjortebestanden bør reduserast innafor kjerneområdet for å redusera skadenivået på produksjonsareal til aktive gardbrukarar.

Dei overordna måla er:

8.2.5 Livskraftige og sunne hjorteviltstammar

bestanden av hjort skal stabiliserast innafor eit nivå som til ein kvar tid vert vurdert som berekraftig av kommunen, både i høve til bestanden sin kvalitet og i høve verksemda i andre samfunnssektorar. Hjortebestandane skal gje mest mogleg stabil avkastning som grunnlag for ein sunn økonomisk og rekreasjonsmessig utnytting.

8.2.6 Biologisk forsvarleg kjønns- og aldersstruktur

Hjortebestanden skal ha ein forsvarleg kjønns- og alderssamansetjing som gjer at den kan oppretthalde sin naturlege genetiske variasjon. I dette ligg det at ein skal sikre at hjortestamma har tilstrekkeleg med store bukkar og vaksne koller, og at avskytinga bør i stor grad vere retta mot kalv og ungdyr.

8.2.7 Sikre samarbeid og samhandling mellom alle aktørane i hjorteviltforvaltninga

Forvaltninga skal sikre eit godt samarbeid mellom lokale, regionale og nasjonale aktørar og med andre sektorar som vert påverka. Hjortebestanden skal ikkje representera ein trugsel mot anna biologisk mangfald.

8.2.8 Kunnskapsbasert forvaltning

Hjorteviltforvaltninga skal vere kunnskapsbasert. Den skal vere basert på tilstrekkeleg kunnskap om hjorteviltet sin økologi og plassen den har i naturmangfaldet.

8.2.9 Redusere skadeomfang

Forvaltninga skal jobbe for at skadeomfanget knytt til jord- og skogbruk vert redusert. Det skal jobbast for at det er færrest mogleg viltpåkøyrsler.

8.2 Delmål

For at dei overordna måla skal oppnåast må det fastsetjast delmål. Delmåla er kortsiktige forvaltningsmål som skal gjelde for ein periode der hensikta er å nå dei overordna måla. Delmåla bør vere konkrete og kunna etterprøvast, dette gjeld særskilt for tilhøve som er under direkte innflyting av forvaltninga og jaktlaga (jaktuttak og bestandstettleik). Tilhøve som bestandskondisjon, beitetrykk og tal viltpåkøyrsler er i større grad påverka av tilhøve som ikkje forvaltninga kan kontrollere (klima, trafikkvolum, osv.), men bør likevel vere med i måla og evaluerast ved periodens utgang.

8.2.1 Mål for berekraftig utvikling med ei livskraftig og sunn hjortestamme

Hjortebestanden skal stabiliserast innafor rammar som til ein kvar tid vert vurdert som berekraftig ihøve til naturgrunnlaget, bestanden sin kvalitet og i høve andre samfunnsmessige omsyn. For at dette skal kunne oppnåast bør følgjande delmål oppfyllast:

- Hjortebestanden skal holdast innafor habitates bæreevne
- Produksjonsevna til hjortebestanden skal vere stabil
- Helsetilstanden skal generelt holdast på eit høgt nivå
- Forvaltninga skal leggje vekt på bevaring av det biologiske mangfaldet, hjortebestanden skal ikkje forringe det biologisk mangfaldet
- Hjorteforvaltninga skal ta omsyn til jord- og skogbruksinteressar, her under sikre at hjortebestanden ikkje påfører aktive bruk betydelege økonomiske tap som følgje avbeiteskadar på skog og innmark

Aktuelle tiltak for å nå denne målsetjinga er:

- Auka uttak av produksjonsdyr i områder der bestanden er for stor
- Uttak av svake dyr (skrapdyr)

- Kartlegging av beiteskadar og konsekvensar av overbeiting
 - Fellingsresultat, sett-hjort og slaktevekt skal registrerast i hjorteviltregisteret
- Kontroll av faktisk jaktuttak

8.2.2 Forvaltninga skal vere kunnskapsbasert

Offentlege vedtak som rører ved naturmangfaldet skal så langt det er rimelig vere basert på vitskapleg kunnskap jf. § 8 i *Naturmangfoldlova*. Den skal vere basert på tilstrekkeleg kunnskap om hjorteviltet sin økologi og plassen den har i naturmangfaldet. Forvaltninga skal i tillegg vere basert på kontinuerleg informasjon om hjortebestanden sin utvikling i kommunen, spesielt lokale variasjonar knytt til beitegrunnlag, skadepress, bestandtettleik m.m.

Følgjande delmål kan sikre at forvaltninga vert kunnskapsbasert:

- 8.2.2.1 Styrke den generelle kunnskapen om hjortebestanden
- 8.2.2.2 Auka kunnskap om hjorten sin arealbruk og trekkmönster
- 8.2.2.3 Informasjonsinnhenting
- 8.2.2.4 Organisert vårteljing

Aktuelle tiltak for å måla er:

- 8.2.2.5 Kartleggjing av kjerneområder i kommunen
- 8.2.2.6 Obligatorisk «sett-hjort» registrering for alle valda

8.2.3 Redusere skadeomfanget i høve til andre interesser

Hjorten sin arealbruk kan ofte komme i konflikt med andre samfunnsinteresser, til dømes jord- og skogbruk, men og viltpåkøyrslar. Viltpåkøyrslar kan medføre store økonomiske konsekvensar og lidelsar for både dyr og menneske, det er difor eit viktig mål at ein jobbar for at talet påkøyrslar skal vere så låge som mogleg.

For at skadeomfanget frå hjorten skal reduserast må hjorteviltforvaltninga ta omsyn til dei ulike interessa som gjer seg gjeldande. Difor er følgjande delmål fastsett:

- 8.2.3.1 Redusere hjortebestanden innafor kjerneområder og områder med aktiv jord- og skogbruk
- 8.2.3.2 Kartlegging av beiteskadar og konsekvensane av overbeite
- 8.2.3.3 Talet hjortepåkørsler skal reduserast til eit minimum
- 8.2.3.4 Kartlegging av utsatte områder for påkørsler
- 8.2.3.5 Trafikkskadd hjort skal handterast på ein profesjonell måte

Aktuelle tiltak er:

- 8.2.3.6 Reduksjon av hjortebestand i områder med mykje skadepress
- 8.2.3.7 Kontinuerleg oppdatering av fallviltregister
- 8.2.3.8 Rydding av kantvegetasjon langs utsette strekningar
- 8.2.3.9 Skilting av utsette strekningar

8.2.4 Biologisk forsvarleg kjønns- og aldersstruktur

Kalvevektene som er avgjerande for vektutviklinga til dyra seinare og med det reproduksjonsemna i bestandane vert påverka av mange faktorar. Her reknar ein at bestandsstrukturen med kjønnsfordeling og gjennomsnittsalder blant produksjonsdyra spelar ei vel så viktig rolle som beitekonkurranse. Å snu trenden med reduserte slaktevekter er ikkje gjort på nokre få år, men dess tidlegare ein set inn tiltak dess raskare vil ein få resultat. Viktigaste tiltaket for å snu utviklinga vil vere å auke gjennomsnittsalderen blant dei vaksne dyra og å syte føre at det er tilstrekkelig

med vaksne hanndyr i bestanden.

Store, eldre bukkar i bestanden fører til framskoten brunst, tidlegare paring og tidlegare fødslar. Kalvar som er født tidlegare på våren har ein lengre periode til rådvelde til å byggje opp næringsreservar slik at den vert betre rusta til vinteren. Uttaket av bukk og koller bør vere om lag halvt om halvt, og ein bør ha fokus på kalv og ungdyr då dette erdyr som er på veg inn i stammen og som naturleg har størst dødelegheit.

Følgjande delmål er difor ansett som føremålstjenlege:

- Forvaltninga av hjort skal vere bestandsretta basert på godkjente bestandsplanar
- Målsetjingar for bestandsnivå og bestandsstruktur skal speglast i avskytings planar
- Sikre rett avskytings profil – som eit utgangspunkt bør det vere 20 % kalv, 40 % ungdyr og 40 % eldre dyr, med lik fordeling av kjønna
- Auka kunnskap om kjønns- og alderssamsetjing i hjortebestanden
- Ta omsyn til lokale variasjonar – områder med mykje hjort kan ha ein meir offensiv avskytings-politikk enn i andre områder


8.2.5 Auke reproduksjonsevna i bestanden

Grunna låg gjennomsnittsalder blant dei vaksne dyra i bestandane er reproduksjonsemna lågare enn det den kunne ha vore. Viktigaste tiltaket for å betre dette er å auke gjennomsnittsalderen noko som og vil gje meir robuste og stabile bestandar. Som eit verkemiddel for å auke gjennomsnittsalderen bør ein vurdera å setje eit tak på talet av store bukkar som kan fellast kvart år. Til dømes bør ein i Øygarden setja ei grense på 8-10 store bukkar (10 taggar og meir) som kan fellast kvart år.

9 FALLVILT

Talet registrerte påkøyringar av hjort dei seinare åra varierer frå 10 til 19 påkøyringar pr. år i perioden 2010-2021. Dette medfører store lidingar for dyra og fare for skader på både kjøyretøy og personar. Talet påkøyringar heng ofte i saman med bestandsstorleiken og har gått gjevnt oppover. Hovudtyngda av påkøyringane skjer på Rv 555-560-5234-5242 og er spreidd over mest av strekningane i heile kommunen. Det er likevel einskilde stader med større konsentrasjonar der det kan vere aktuelt å utføre tiltak. Dette kan vere utvida ryddebelte eller ledegjerder for å styre kryssingane til meir oversiktlege strekningar. Det er vegvesenet som utførersikringstiltak langs riksvegnettet medan det er kommunen som har ansvaret for å registrere påkøyringar. For at vegstyremaktene skal kunne styre slike tiltak der dei gjev best effekt er det difor viktig at alle påkøyringar vert registrert i Hjorteviltregisteret. I Figuren under kan ein sjå utviklinga av påkøyrlar som i all hovudsak fyljer veksten i hjortestammen i same tidsrom.

Figuren 13 viser dei stadane langs riksvegane der det er registrert påkøyrslar i 2021.



Ettersom påkøyrslane skjer på fylkesvegane er det eit tankekors at kommunen må dekkje utgiftene for utrykking og handtering av påkøyrt vilt. Det naturlege hadde vore at fylkeskommunen/Statens vegvesen hadde dekka utgiftene ved påkøyrslar både i denne kommunen og langs fylkesvegane i heile landet. Og at viltfondet vert tappa for å dekke desse utgiftene er eit anna tankekors. Formålet med viltfondet var oppretta for å kunne finansiera ulike vilttak i kommunen. Og det er dette som vert skadelidande når viltfondet blir tømt til viltpåkøyrslene når desse aukar så sterkt som dei senare åra.

10 BEITESKADER

Hjorten si beiting påverkar vegetasjon og naturgrunnlaget og med det næringsinteresser som jord, skog og hagebruk. Skade i private hagar og på gravplassar, parkar o.l. kan og einskilde stader vere eitproblem. Kollisjonar med hjort er og mange stader eit problem i trafikken.

10.1 Beiteskadar på innmark

Beiting frå hjort på jordbruksareal og skog kan medføre økonomiske tap for brukarane av betydeleg omfang. Omfanget av dette avheng av det lokale beitepresset og avlingstype. Det økonomiske tapet er størst i meir intensive jordbruksproduksjonar som frukt og frilandsgårdsaker. Men, grasavlingane kan bli monaleg mindre av at hjorten beitar ned graset særleg for fyrsteslåtten. I Øygarden består jordbruksproduksjonen i hovudsak av gras til husdyrfôr der tapet pr. arealeining er opp mot 50%, og også her medfører beiting av hjort betydelege tap. Særskilt der hjorten beitar på innmarksareala gjennom vekstsesongen kan avlingstapet verte stort.

10.2 Skader på skog

For skog er det i hovudsak 2 typar skader som medfører større økonomisk tap for skogeigaren. Dette gjeld borkgnaging på produksjonsskog (hogstklasse 3 og 4) av gran og knopp/skotbeiting på ungskog(hogstklasse 2) av gran og furu. Borkgnaging på gran medfører ofte roteskadar i områda med gnag og rotstokken vert øydelagt som sagtømmer. Trea vert og svekka av råteangrepet noko som ofte kan medføre stammebrekk. Skotbeitinga på ungskog i hogstklasse 2 medfører sterkt redusert vekst og ved gjenteken hard skotbeiting kan det medføre at trea dør. På furu kan borkgnaging og vere eit problem i hogstklasse 2 då det kan medføre at nedste delen av treet vert øydelagt. Også i høve skadar på skog er det vinterbeitelokalitetane som er mest utsett, og ein del stader vil det med dagens hjortebestand vere vanskeleg å få etablert ny skog med brukande tettleik og kvalitet. Om dette er av betydeleg omfang for etablering av ny skog kan Skoglova leggje føringar for at bestandane må reduserast.

10.3 Skader på hagar og gravplassar

Mange stader kan det og vere problem med hjort som gjer skade i hagar og kanskje spesielt på gravplassar. Slike problem er ofte knytt til einskilde dyr som fort kan verte lite sky overfor folk og vanskeleg å jage. Den beste måten å unngå dette på er å gjerde inn gravplassane. For ein kan aldri garantera at hjorten ikkje kjem tilbake når mattilgangen vert liten.

Med tidleg jakttidsstart som no 1. september vil ein og innanfor ordinær jakttidsstart klare å få vekk slike dyr om ein prioritérer dette først i jakta.

For å bøte på dei beiteskadane som hjorten påfører bønder som driv jordbruk vil ei løysing vere å setje av eit tal løyver utover arealløyva som kan tildelast vald som er særleg plaga av beitaskader på innmark. For at desse løyva skal kunna avhjelpe desse skadane må det tildelast primært vaksne koller.

Utover hausten vil det ofte vere mykje dyr på innmarka i vinterbeiteområda, og her er det lite ein kan gjere for å avverje skadane anna ennå gjerde inn jordbruksareala. I slike tilfelle bør kommunen vurdera å gje tilskot til viltgjerder rundt spesielt utsette grasteigar.

11 UTTAK AV DYR MED LAVE SLAKTEVEKTER/SKRAPDYR

11.1 Felling av vilt som gjer skade

11.2 UTTAK AV DYR MED LAVE SLAKTEVEKTER/SKRAPDYR

Den norske hjorten er klart redusert i kroppsstorleik og vekt gjennom de siste 30-40 åra. Dette har i stor grad samanheng med auka bestandstettleik og konkurranse mellom individua om dei mest næringsrike og beitene. Med aukande bestandstettleiken og næringskonkurransen utgjer små og svakt utvikla individ ei stadig større del i bestanden. Dermed aukar også sannsyn for at små individ parar seg med kvarandre, noko som over tid forsterkar utviklinga i retning av fleire og mindre dyr i bestandane.

Jegerar vil gjerne skyte store individ når dei har mogelegheit til å velje på størrelse innan kjønns- og aldersgrupper. Dette kan ha uheldige følger for bestanden si utvikling på sikt. Det er derfor ynskjeleg med tiltak som får jegerar til å velje små og dårlig utvikla individ i større grad enn tilfellet er i dag. Med bestandsplanbasert forvaltning og samarbeid innan vald er dette mogeleg.

Forslag til ordning for økt felling av små og svake individ av hjort;

Dyr med som er uvanleg små og som vert felt kan jaktlaget behalda og kompenserast med eit nytt løyve i same kategori frå regionalt forvaltnings organ.

Dyr som det vert søkt om å få erstatta med dette grunnlaget må kunna dokumenterast.

Forslag til Vektgrenser:

Kalvar av begge kjønn med slaktevekt under 16.0 kg. Spissbukk med slaktevekt under 35.0 kg.
Fjorkolle med slaktevekt under 34.0 kg. For vaksne dyr må ein vurdera kvar situasjon særskilt.

Sjuke eller skadde dyr som vert felt kan overførast til kommunen for vidare disposisjon.

Da vert desse rekna som fallvilt.

Om ein velger å behalda desse dyra vert dei ikkje rekna som fallvilt og vil gå av fellingskvoten.

Som eit konkret tiltak vil ein søkje om eit tal løyper i tillegg til arealløyva som vil kunna brukast til å erstatta dyr som fell inn under dei vektgrenser som er skissert over. I tillegg dyr som vert felt og som av ulike årsaker fell inn under det ein populert kallar «skrapdyr».

12 FORVALTNING PÅ VALDNIVÅ

12.1 Mål for disposisjon for bestandsplanar for enkeltvald

1.0 Innleiing

1.1 Bakgrunn og planlegging

1.2 Planområde

1.3 Rettstilhøve og organisering

1.4 Planprosess

1.5 Planperiode

1.6 Planstatus og rammeverk

2.0 Mål

2.1 Hovudmål

2.2 Delmåla i inneverande planperiode – ei evaluering

2.3 Delmåla i ny bestandsplanperiode

3.0 Status og vurderingar

3.1 Bestandsstatus og utviklingstrekk

3.2 Arealbruk

3.3 Kartlegging og overvakning

3.4 Skadepress

3.5 Irregulær avgang

3.6 Samjakt og jaktutøving

4.0 Tiltaksdel

4.1 Bestandsplan

4.2 Andre tiltak

5.0 Drift

5.1 Utgifter

5.2 Ettersøksavtale

Tiltaksdel

6.1 Andre tiltak

Øygarden kommune

14 ÅRSKALENDER

Arshjul 2022



Øygarden kommune

Øygarden kommune

Figur 14 Legger ved eit døme på årshjul som er utarbeida for Sund hjortevald. Mykje av dei same hendingane vil vere aktuelle for et årshjul for eit regionalt forvaltningsorgan.

AVSKYTINGSAVTALE
mellan
ØYGARDEN KOMMUNE og Hjorteforvaltninga - Øygarden (org. under etablering)
F.o.m 2022 t.o.m 2024.

Planområdet for hjort har godkjent bestandsplan f.o.m 2022 t.o.m 2024.
Jf. vedtak i Øygarden kommune, i møte den **saknr..**

I høve til godkjent bestandsplan er det inngått slik avskytingsavtale mellom valda og kommunen;

1. Fellingskvota vert tildelt som valfrie dyr etter § 14 i Forskrift om Forvaltning av hjortevilt og bever- Rundskriv juli 2002.

Samla kvote for planperioden er 918 hjorteløye

(272 ordinære arealløyper + 14 løyper til bruk mot beiteskader + 20 løyve til bruk for å erstatta felte dyr med særslige vekter eller andre lyte), samla eit årleg uttak kring 306 løyve.

Utviklinga av stammen, fellingsresultata, stammens samansetjing, tilgjengelege, bereevne og beiteforhold skal sjåast i forhold til årleg uttak/avskyting.

Dersom fellingsresultata, kartleggings- og overvakkingstiltak m.m. tilseier vesentlege avvik i bestanden og/eller fellingsresultata ut ifrå planen, kan avskytingsavtalen endrast innan utgangen av mai det enkelte år. Det skal gjennomførast ei evaluering etter at jaktåret 2022 er sluttført.

2. Valdet/planområdet skal legge følgjande fordeling til grunn for årleg uttak:

20,0 % kalv

20,0 % 1 ½ år gamle hodyr

20,0 % 1 ½ år gamle hanndyr

20,0 % Eldre hodyr (2 1/2 år og eldre)

20,0 % Eldre hanndyr (2 1/2 år og eldre)

Grensa for vesentleg avvik er sett til 15 % per år, og er knytt til både tal løyve og struktur.

Samla løyvetal etter avslutta planperiode må ikkje overskride totalramma.

Valdet skal til kvar tid har god kontroll med uttaket i høve til fastsette bestandsmål og avskytingsopplegg.

Endringar/avvik av vesentleg karakter skal straks meldast til kommunen.

3. Valdet pliktar å følgje opp overvakings-, kartleggings- og oppsynsordningar som kommunen set i verk, og elles vere kjem med gjeldande føreskriftsverk.

4. Andre vilkår;

Fellingsresultat og Sett Hjort-skjema skal først i hjorteviltportalen og vere klar for kommune innan 10 dagar etter jaktslutt.

.....

STAD OG DATO

.....
Øygarden kommune

STAD OG DATO

.....
Hjorteforvaltninga - Øygarden